



Foto: Knut Øpeide

Vegdirektørens pris for

VAKRE VEGER

Statens vegvesen inviterer kommunane og fylkeskommunane til å føreslå heile eller delar av eit veg- eller gateanlegg som fortener «Vegdirektørens pris for vakre vegar».

Prisen er ein heiderspris for anlegg med gode estetiske kvalitetar tilpassa omgjevnadene. Det kan vere vegar, gater, bruer, tunnelar eller tilhøyrande anlegg og utstyr.

Anlegget må vere ein del av det offentlege vegnettet. Det er ein føresetnad at kvalifiserte prisobjekt er heilskapleg utforma i høve til omgjevnadene og fungerer godt med tanke på trafikktryggleik, framkomst, teknologi og drift og vedlikehald.

To prisar

Det skal delast ut to prisar; ein pris til eit nyare anlegg, og ein pris til eit anlegg som framhevar seg når det gjeld drift og vedlikehald. Både eit vakkert nyare anlegg og eitt kor åra har vist at anlegget har eldest med verdigheit skal heidrast.

Stikkord for drift og vedlikehaldsprisen kan vere; anlegg som har eit vedlikehald i tråd med intensjonane ein hadde

i planlegginga. Vidare kan strategiar for drift og vedlikehald som ivareteke reiseoppleving, landskapskvalitetar og kultivering av eksisterande kvalitetar som får fram det vakre i kvardagslandskapet vere aktuelle.

Uavhengig fagjury

Prisvinnarane vert utpeikt av ein uavhengig fagjury. I tillegg til vegdirektøren, består juryen av eit jurymedlem frå Norske landskapsarkitekters foreining, Norske arkitekters landsforbund, Teknisk-naturvitskapeleg foreining (TEKNA), Norges teknisknaturvitskapelege universitet (NTNU), Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Riksantikvaren og Kunst i offentlige rom (KORO).

Frist for å sende inn forslag er 3. juni.

Skjema for innsending av forslag ligg på: vegvesen.no/vakreveger

Forslag og dokumentasjon av anlegget, fortrinnsvis foto, kan også sendast pr. post til:
Statens vegvesen Vegdirektoratet,
postboks 8142 Dep, 0033 Oslo.
Merk sendinga: Vakre vegers pris 2018.



Statens vegvesen